



Aksept av vilkår for tilskot

Vår ref. 2015/2159

Sendast Hordaland fylkeskommune seinast 4 veker etter dato for tilsegnsbrev.

Underteikna har fått tilsegn om tilskot for år 2016 av fylkeskommunale midlar, budsjettpost

10.400.650.01 «Vern og vøling av kulturminne»

til: Notbu Langgyo - Fitjar
Prosjektnamn

Tilsegnsbrev datert. 20/5 Tilsegnssum 25000

Friluftslivstiltak Vest
Tilsegnsmottakar

pb-63
Adresse

5575 AKSDAL
Postnr./sted

3240 0746 388
Kontonummer

871 346 372
Organisasjonsnr.

Unn A. Spensen / Oddrun Brenna
Kontaktperson

52774830
Telefonnr.

post@frivest.no
e-postadresse

8/7-2016
Sted Dato

Unn A. Spensen
Signatur

189#1105:1d0e4704-0763-4f8a-a68d-052ea391623f:5



FRILUFTSRÅDET VEST
Postboks 63
5575 AKSDAL

Dato: 20.05.2016
Vår ref.: 2015/2159-74
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Notbu Longøyo - gnr 19 bnr 1 - Fitjar kommune - Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2016 - Underretting om tildeling

Det vert vist til dykkar søknad av 29.10.2015 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 10.05.2016, sak 71/16, og gjorde vedtak om å tildele dykk **kr 25.000,-** i tilskot.

Grunngjeving

For 2016 var det 49 søknader og kr 973.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 4.826.701,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningsliner for ordninga.

Ved avgjerda av dykkar sak er det lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Søknaden fyller vilkåra som går fram av dei vedtekne retningslinene for ordninga. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykkar tiltak.

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Viktig kulturminne i sjøbruksmiljø i mykje brukt friluftsområde som har stort formidlingspotensiale. Ein føresetnad for tilskot er at ein fylgjer prinsipp for antikvarisk istandsetting; dvs at ein nyttar same materialkvalitet og dimensjonar som opphavleg. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig og tilrår stønad.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år.

Utbetaling

Det utførte arbeidet skal godkjennast av fylkeskonservator for utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet. Tilskotsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilskotet